

Saksbehandlar: Ina Therese Sørfonden, Fylkesrådmannen  
 Sak nr.: 14/7882-1

## **Skuleskyss vidaregåande opplæring 2014/2015 klage på vedtak**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Fylkesutvalet som klagenemnd tek ikkje til følgje klagen frå Anna Birkeland sine føresette på vedtak om avslag på ekstra skuleskyss.

#### Vedlegg:

- Søknad om ekstra skuleskyss frå føresette dagsett 24.08.2014
- Klage på avslag om ekstra skuleskyss frå føresette dagsett 11.10.2014

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

- Fylkeskommunen sitt vedtak om avslag dagsett 22.09.2014
- Fylkeskommunen sitt svarbrev på klage dagsett 21.10.2014

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkeskommunen gjev etter nærare føresegner rett til gratis skuleskyss eller skyssgodtgjersle for elevar i den vidaregåande skulen. Søknader om gratis skuleskyss vert handsama administrativt.

Føresette, Kjell Aage og Merete Birkeland, har i brev dagsett 24.08.2014 søkt om ekstra skuleskyss for eleven Anna Birkeland. Søknaden vart avslått av fylkesdirektøren i vedtak dagsett 22.09.2014. Dei føresette klaga på avslaget i brev dagsett 11.10.2014. Søknad og klage ligg ved saksførelegget.

Eleven går i 1. klasse på Dale vidaregåande skule. Eleven har hatt ekstra skuleskyss i ungdomskulen grunna farleg skuleveg. Eleven har i dag skuleskyss frå busstopp til skule. Avstand mellom eleven sin bustad og busstopp er målt til under 250 m.

Fylkesdirektøren for samferdsle har vurdert saka på nytt etter at dei føresette sette fram klage, men har ikkje funne grunnlag for å gjere om vedtaket. Klagen er såleis sendt over til fylkesutvalet som klagenemnd for handsaming i tråd med reglement for fylkesutvalet § 4 og delegeringsreglementet punkt 3.21 nr.4.

I brev dagsett 22.09.2014 har fylkesdirektøren gjeve følgjande grunngjeving for avslag på ekstra skuleskyss:

*«I motsetning til § 7-1 i opplæringslova som seier at elevar i grunnskulen har rett på gratis skyss når dei har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, omhandlar § 7-2 skyss og innlosjering i den vidaregåande skulen. Denne paragrafen seier ikkje noko om at elevar med særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda. Alderen på elevane i vidaregåande skule tilseier at dei skal greie å ferdast i trafikken sjølv om til høva ikkje er dei optimale.»*

*På grunn av bygging av ny trasè på E39, må Anna krysse anleggsvegen. De meiner at kryssande anleggstrafikk kan vere ein fare for Anna.*

*Vi har vore i kontakt med Statens vegvesen. Dei kan opplyse om at byggherre er pliktig til å ta omsyn til kryssande personar/trafikk på anleggsvegen.*

*Vidare meiner de at Anna har kome for seint til Sande for å nå vidare korrespondanse, både til Dale og når ho kjem attende frå Dale.*

*Det har vore eit møte i dag mellom fylkeskommunen og entreprenøren. Bussane skal sleppe gjennom området slik at det ikkje vert unødige forseinkingar. Firda Billag Buss kan opplyse at bussane har kontakt med kvarandre og skal vente om det er nødvendig».*

I svarbrev dagsett 21.10.14 opprettheld fylkesdirektøren sitt avslag om ekstra skuleskyss med følgjande grunngjeving:

*«I opplæringslova § 7-1 står det at elevar i grunnskulen har rett på gratis skyss utan omsyn til veglengda dersom dei har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.*

*I opplæringslova § 7-2, som omhandlar skuleskyss til elevar i vidaregåande skule som bur meir enn seks km frå skulen, står det ikkje nemnt at dei har rett på gratis skyss om veglengda er kortare og det er farleg skuleveg. Det er med andre ord ikkje heimla i opplæringslova § 7-2 at elevar har rett på ekstra skyss, sjølv om de meiner vegstrekninga frå heim til Sande er trafikkfarleg.*

*Søknaden om å alternativt gje skyss i perioden medio oktober til ut mars, vert avsege med same grunngjeving som farleg skuleveg.*

*Prosjektleiar på vegarbeidet seier at dei skal ta omsyn til gåande og køyrande som må krysse anleggsvegen.»*

## **2. Klagaren har i hovudsak gjort gjeldande**

Klagar ber om at fylkeskommunen gjer om sitt vedtak om skuleskyss slik at eleven får ekstra skuleskyss mellom heim og busstopp, primært for heile skuleåret, subsidiært for månadane oktober-mars på grunn av mørket og at det kan vere mykje snø/brøyting. Grunngjevinga er at vegen mellom heim og busstopp må reknast som farleg skuleveg for eleven.

Det er ikkje busslomme ved det busstoppet eleven skal nytte, slik at ho må stå i vegbana for å vente på skulebussen som kjem frå Vadheim. Busstoppet ligg rett etter ein sving og vegen er smal. I tillegg må ho krysse E39 for å kome på rett side om morgonen. Når Anna kjem heim frå skulen må ho gå langs vegen. Busstoppet som er nærmast heimen, er teken vekk grunna anleggsarbeid, slik at ho må gå langs E39 når ho har gått av bussen. Om vinteren kan det også vere eit problem når det vert brøytekantar og det er mørkt. På grunn av bygging av ny trasè på E39, må eleven krysse anleggsvegen. De meiner at kryssande anleggstrafikk kan vere ein fare for eleven.

## **3. Vurderingar og konsekvensar**

Det er opplæringslova § 7-2 som gjeld for gratis skuleskyss for vidaregåande skuleelevar.

Elevar i vidaregåande skule som har ein avstand på 6 km eller meir frå bustad til opplæringsstad, har rett til gratis skyss eller full skyssgodtgjersle.

Kortaste gangavstand ein veg rekna frå bustad til opplæringsstad (dør til dør) vert lagt til grunn for måling av avstand. Brøytt gangveg tel med i avstandsmålinga.

I dette tilfelle har eleven gratis skuleskyss frå busstopp til skulen. Klagen gjeld strekninga eleven må gå mellom heimen og busstopp.

Det følgjer av merknadane i forarbeida til oppl. § 7-2 (Ot.prp. nr 46 (1997-98)) at elevane kan påleggjast ein gangavstand på inntil 4 km frå heimen til næraste påstigingsstad, langs framkomeleg gangveg.

Avstanden frå heimen til busstopp er kortare enn 250 meter og såleis innanfor grensa på 4 kilometer.

Unntaket frå avstandsregelen gjelder for skuleveg som er særlig vanskelig eller farlig, men berre dersom eleven går i grunnskulen, jf. oppl. § 7-1. Det er ikkje tilsvarende unnataksregel for elevar i vidaregåande opplæring, sjå oppl. § 7-2.

Skuleskyssreglementet til fylkeskommunen opnar ikkje opp for å utvide den lovfesta retten til gratis skuleskyss for elevar i vidaregåande opplæring. Det er presisert følgjande i reglementet kapittel 2, punkt 2.2:

*«2.2 Farleg skuleveg*

*Elevar som har ein avstand på mindre enn 6 km frå bustad til opplæringsstad har ikkje rett til gratis skyss eller full skyssgodtgjersle sjølv om dei grunngjev søknaden med farleg skuleveg.»*

Det er ikkje grunnlag for å gjere om fylkesdirektøren sitt vedtak om å gje avslag på søknad om gratis skuleskyss. Fylkesrådmannen sluttar seg til vurderinga fylkesdirektøren for samferdsle har gjort i denne saka og tilrår såleis at fylkesutvalet som klagenemnd ikkje tek klagen til følgje.

Dersom klagenemnda skulle ta klagen heilt eller delvis til følgje, må skuleskyssen for eleven dekkast over samferdsleavdelinga sitt budsjett, teneste 7302.

#### **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd om å oppretthalde fylkesdirektøren for samferdsle sitt vedtak om avslag på skuleskyss for Anna Birkeland.